

Kinesisk smil på SPAR



Det er noko spesielt med ein kinesisk smil!

Personalet på SPAR sparar ikkje på smila sine, og no om dagen kan suksessbutikken også glede oss med ein kinesisk smil.

Det tilhøyrrer Fang Hai Zeng frå byen Beihai i provinsen Guang Xi og er eit ytterlegare pluss for ein butikk som ligg i Noregstoppen i publikumsservice.

Fang har arbeidspraksis på SPAR og då uskedalen.no traff henne på kjøkenet idag nølte ho ikkje med å slå fast at ho stortrivdes. - Dette er ein flott arbeidsplass med eit godt miljø og eg vil gjerne jobba meir her, sa ho medan ho pakka inn lekker mat frå andre himmelstrøk.

No har ho vore 3 år og 4 månader i vårt land og bur i Dimmelsvik. Der er ho gift med Terje Sandvik og det daglege liv er unekteleg noko annleis enn det ho er vane med, for Beihai er ein av nesten utallige millionbyar i gigantlandet. Ho har vore heime på besøk berre ein gong sidan ho kom hit. Beihai ligg ved Tonkinbukta sør i Kina.

Fang trivs tydelegvis godt i Noreg, men ho er ikkje nøgd med norsken sin sjølv om vi synest ho er flink. Frå heime har ho ein allsidig yrkespraksis, ikkje berre i butikk men også 5 år som sekretær og håpar at det skal bety noko når ho søker om jobb her på berget.

- Men kor gamal er du?
- Det vil eg ikkje ut med - det er hemmeleg!

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Fang midt i arbeidsdag nummer 2 på SPAR